

Nr	Fartøy	Søkjjar	Total kost.	Søkn.sum	Forslag	Omsøkt tiltak	Vurdering/Tilråding
1	<b>MS Axel</b>	Odd Harald Turøy	668 000	150 000	100 000	Søkar har henta inn prisoverslag frå Dåfjorden slipp på grunn nærleik og kompetanse på gamle stålfartøy. Dåfjorden slipp vil utføre tiltaket med å skifte hudplater og spant.	Eit viktig tiltak, og eit av få klinka (stål) farty som er att i fylket. Ca 10 m2 av hudplatene har kraftig redusert tjukkeleik pga. rust. Riksantikvaren har gitt eit mindre tilskot på kr 15 000. Vi løyver midlar slik at istandsettinga av skipet kan komme i gang.
2	<b>MF Bjørn-West</b>	Opsangervågen Veteranbåtlag	522 000	500 000	70 000	Føremålet med prosjektet er i første omgang å bremsa vedlikehaldsforfallet av fartyet. Dersom midlane tillet, er det mykje anna arbeid som er naudsynt, som t. d. oppgradering av elektrisk anlegg og skifting av stål overvanns og undervanns.	Oppgradering av el.-anlegget, overhaling av hjelpemotor og hovudmotor representerer dei største og viktigaste postane her. Vi oppmodar veteranbåtlaget om å søkje Riksantikvaren og Kulturminnefondet om tilskot.
3	<b>MB Mot</b>	Bergen jæger- og fiskeforening	545 000	295 000	60 000	Bergen jæger og fiskeforening (BJF) ønsker å tilbakeføre fartøyet til den autentiske tilstanden fra 1972/73. Fartøyet er shelterbygget og ansees derfor spesielt velegnet i formidling- og undervisningsopplegget til BJF. MB Mot har vært slippsett i 2017 og skroget er gjennomgått av fagfolk og restaurert. Det er også skiftet eksosanlegg i 2017. I 2018 tar BJF sikte på å restaurere øvre dekk, bysse, fremre lugar. Videre må hydraulikk knyttet til lasteromsluker og kran/vinsj vedlikeholdes. MB Mot har fast havne plass ved Sandviken kystkultursenter.	Det føreligg kalkyle over tiltak på over ein halv million, der vedlikehald av framdriftsmaskineriet åleine er på 250 000,- Alle tiltaka er viktige og fell innafor retningslinene for tilskot. Vilkår for tildelinga er at listeføringa som verna fartøy vert vidareført av ny eigar.

4	<b>MK Sjøgutt</b>		1 212 283	60 000	50 000	Fornye deler av undervannsskroget for å eliminere betydelig lekkasjer forårsaket av uheldig støt-fordeling i huden og på grunn av elde (1921). Det må skiftes mye hudplank, samt endel spant. Motoren må overhales og det må lages nytt fundament. Fartøyet må slippsettes, styrehuset må av og motoren ut. Etter reingjøring må det skiftes ca. 90 meter hudplank, forsterkes i område rundt motoren, samt skiftes endel spant. Drive, beke og bunnsføre. Demontere og reparere rør og hylse, samt gjennomganger. Ny rorklubbe. Overhale motor og reparere. Avretting. Reparere styrehus og el. anlegg. Rabatte, beke og smøre hoveddekk.	Det er ein omfattande reparasjon / forsterkning som må til for å stive av skroget, slik at ein får bukt med lekkasje-problema ein no har. Prisanslaget er utarbeida av Hardanger fartøyvernssenter. Eigar har søkt både Riksantikvaren og UNI-stiftelsen.
5	<b>MK Selma</b>		340 000	120 000	70 000	Tiltaket er ganske enkelt og består av demontering og montering av ny skanseledning. Dette er detaljbeskrevet i kostnadsoverslaget fra Hardanger Fartøyvernssenter, gyldig ut 2018.	Hardanger fartøyvernssenter har utarbeida prisoverslag for skifting av skanseledningen - skifting av rekkestøtte. Båten er mykje brukt i samband med veteranbåtsamlingar og festivalar, og er såleis ein god del offentleg tilgjengeleg.
6	<b>MK Vaarsol</b>	OPSANGERVÅGEN KYSTLAG	478 825	378 852	70 000	Båten er i funksjonsdyktig stand, men dekk, skandek og karmar er nok så dårleg. Eier/Kystlaget bruker båten aktivt og var senest i sommer en tur til Færøyene. Hardanger fartøyvernssenter anbefaler derfor at båten i første omgang repareres, slik båten fortsatt kan benyttes, i påvente av en totalrestaurering. På den bakgrunn av dette er det laget et kostnadsoverslag på reparasjon av båten.	Med utgangspunkt i ein omfattande tilstandsrapport er det søkt om midlar til ein reparasjon. Vi vil tilrå tiltaket, då dette vil gjer at fartøyet kan nyttast.
7	<b>MS Lindenes</b>	Veteranbåtlaget MS Lindenes	151 558	100 000	80 000	Overhaling, kjettingskift, smørjing og maling av ankerspill med hydraulikk	Veteranbåtlaget har utarbeida ein nøktern søknad som omhandlar viktige tryggleiksaspekt for fartøyet. Tiltaket er i samsvar med retningslinene.

8	<b>MS Vestgar</b>	ØYGARDSBÅTANE AS	448 000	100 000	0	Pga sveisearbeid, så må lugarar akter demonterast og merkast. Seinare bygge opp igjen same lugarane. Også det elektriske anlegget må demonterast, og i etterkant monterast opp att.	MS Vestgar er eit freda fartøy og har fått tildelt kr 2 542 487 frå Riksantikvaren. Vi prioriter ikkje å gje støtte i denne omgang.
9	<b>MF Skånevik</b>	FERJELAGET SKÅNEVIK	1 669 350	1 669 350	0	Reparasjon av propellvenger samt overhaling av motorar.	MF Skånevik eit freda fartøy og har fått tildelt kr 427 350 frå Riksantikvaren til å dekke verkstadutgifter. Vi prioriter ikkje å gje støtte i denne omgang.
10	<b>MF Folgefonn I</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	9 332 007	150 000	0	Føremålet med prosjektet er å verne MF Folgefonn I som eit freda flytande kulturminne for å formidle fartøytype og ferjene si rolle innan samferdsel.	MF Folgefonn er eit freda fartøy og har fått tildelt kr 3 167 197 frå Riksantikvaren, som er meint å dekke demontering og dokumentasjon av resterande treverk, samt arbeid ved Bredalsholmen verft. Vi prioriter ikkje å gje støtte i denne omgang.
11	<b>MS Sunnhordland</b>	HSD SUNNHORDLAND AS	1 102 250	775 000	190 000	Søknaden nemner fire tiltak: El-opplegg med transformatorar. Restaurering av salong akter. Bysse - div. krav frå Mattilsynet. Reparasjon av aluminiumsdekk.	MS Sunnhordland har fått tilsegn om kr 100 000 frå Kulturminnefondet. Alle omsøkte tiltak er viktige, men vi prioriterer å støtte restaurering av aktersalong og byssa, då det her føreligg krav frå Mattilsynet.
12	<b>MY Tysso</b>	NORSK VASSK.- OG IND.STR.M.	121 600	30 000	20 000	Tiltak: Reperasjon lyskastar, reperasjon av styring (lekkasje ved tetningskontakter ved styresylinder, koparrøyr må erstattast), reparering/supplering av trekk til livbeltekassar, malingsarbeid skrog, diverse vedlikehald/istandsetting, flåtesertifisering.	Nøktern søknad som skildrar fleire mindre tiltak. Styringsssystemet er ein viktig del for å kunne bruke fartøyet, og vi gjev støtte til reparasjon av dette.
13	<b>DS Stord I</b>	STIFTELSEN D/S STORD I	1 035 000	1 035 000	430 000	Stiftelsen D/S Stord I sitt formålet er istandsetjing, vedlikehald og drift av skipet. Store deler av istandsettingsarbeidet 2005-2013 er gjort ved låneopptak i forståing med vernemynde. Nye tiltak gjeld brannslangeskåp, skilt, himling spisesalong og innreiing framre banjer (steg 1)	For å få drift på skipet har det vært utført eit omfattande restaureringsarbeid på fartøyet. Det er enno ein del som må på plass for at dampskipet står fram som tidsriktig i høve til då den var ny.

14	<b>MS Hamen</b>	Stifelsen MS Hamen ex DS Tandik	3 162 500	85 000	0	2018: opplag, dokking, utbedring skrog, tanker, overbygg, innredninger, maskin og maskinrom. Prioritet 1: Bunntanker+skrog. 2. Utv. oppussing, rydding, utbedringsarb. innvendig.	MS Hamen har fått tilsegn om 770 000 frå Riksantikvaren. Frå Kulturminnefondet har MS Hamen fått 60 000 til Mannskapsmesse nr. 2 og fullføring av messe nr. 1. Vi prioriterer ikkje å gje støtte i denne omgang.
15	<b>MK Vikingen</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	769 170	100 000	50 000	Få orden på maskineriet til Vikingen og få gjort naudsynt vedlikehald, slik at Vikingen igjen kan koma i drift til glede for ålmenta.	Riksantikvaren har gitt eit mindre tilskot på kr 76 110. Alle tiltaka er viktige, og i tråd med retningslinene. Vi prioriterer å gje støtte til arbeid med restaurering av motoren og materialar knytt til kjølesløyfe.
16	<b>SJ Mathilde</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	1 235 980	200 000	110 000	Vedlikehald, sertifisering og gjennomføring av småreparasjonar for å ta vare på kulturminnet Mathilde.	Eit godt vedlikehald er ein føresetnad for å ha drift på fartøyet. Av omsøkte tiltak støttar vi slippsetting og sertifisering.
17	<b>MY Faun</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	260 270	50 000	40 000	Søknad om stønad til småreparasjonar og vedlikehald av M/Y Faun. Me har nokre småreparasjonar som bør takast i 2018. Det er også noko elektrisk arbeid som me planlegg å gjera i 2018. Ut over dette er det sjølvsgatt mykje overflate arbeid som må gjerast. Me skal ha båten på slipp, og skroget må malast, og undervass skroget må smørast. Faun med alle sine lakkflatar er ein utruleg krevjande båt å halda. Det må lakkast kvart einaste år for at båten skal vera presentabel, og forfallet ikkje skal få overtaket. Venelaget har dei siste åra gjort ein flott innsats, men eit fartøy på Faun sin størrelse er krevjande, ein kan ikkje forventa at venelaget skal greie dette aleine. Difor søker me om stønad til dette arbeidet.	I søknadane dette året må det prioriterast mellom tiltak som går på tryggleik, viktig istandsetting av skrog mm. Eit godt vedlikehald er krevjande for at slike lystfartøy skal stå fram på rett vis. Søknadssummen er nøktern i høve til kostnadane.
18	<b>MS Markol V</b>	Bergen kommunale kystkultursenter AS	4 200 000	200 000	50 000	Restaurere og sikre den siste originale føringsbåten som har tilhørt Bergen. Formidle havnehistorie gjennom båten. Fartøyet er	Båten ligg i dag ved Hardanger fartøyvernssenter i påvente av finansiering av arbeidet med restaurering/istandsetting kjem på plass.

						prioritert i kommunale planer og har fått tilskudd fra Bergen kommune.	
19	<b>MS Lete</b>	Stiftinga Halsnøy Hist. Senter	5 140 000	500 000	50 000	Vedlagt søknaden føreligg ein omfattande restaureringsplan med ei lang liste over tiltak. Av tiltak er mellom anna hovedmaskin, skroggjennomføringar, dekk og hud nemnt.	Dette er eit omfattande restaureringsarbeid. I søknaden er det samla offentlege tilskotet rekna til 3 400 000. Vi vil tilrå at det vert utarbeide ein meir presis finansieringsplan for del- eller hovudprosjekt. Vilkår for tildelinga er at aktuelle tiltak må avklarast nærare med Fylkeskonservatoren.
20	<b>DS Oster</b>	NORDHORDLAND VETER.BÅTL.	194 300	90 000	0	Tiltaket som er nemnt gjeld reparasjon av stål i SB skuteside i 2. kl. salong forut.	DS Oster har fått tildelt 200 000 frå Riksantikvaren. Vi prioriter difor ikkje å gje støtte i denne omgang.
21	<b>MS Tysnes</b>	Geir Røssland	300 000	120 000	0	Føremålet er å fullføra restaureringa av M/S Tysnes. Næmnede tiltak er utskifting av dekksp plank, boltar/drev /bek og tømrerarbeid.	MS Tysnes har fått tildelt 500 000 frå Riksantikvaren. Vi prioriter difor ikkje å gje støtte i denne omgang.
22	<b>MS Midthordland</b>	DET MIDTHORDLANDSKE	840 000	150 000	100 000	MDS Søker om midler til å utbedre stål i baug da det er avdekket store rustangrep på stålet i skanseledning på forskipet fra frontskott og fremover mot baug samt at topprekken er rustet/knekt.	Stort og kostbart tiltak som er viktig for å halde den synlege og eksteriørmessig viktige delen av skroget i god stand.
23	<b>MY Quest</b>	Gerhard Martin Eikeland	599 625	389 700	120 000	Det ble oppdaget ved slipping 2017 at kjølbolter er i dårlig forfatning på fartøy. Disse bør skiftes. I forbindelse med skifte av kjølbolter er også skifte av kjølbord naturlig å få gjort da dette har en sammenheng.	For å kunne nytte fartøyet er det viktig at undervassskroget er i god stand. Vi gjev støtte til arbeidet med utskifting av kjølboltar og kjølbord.
24	<b>MK Askeladden</b>	Terje Lamo	1 300 000	1 300 000	0	Føremålet med prosjektet er å tilbakeføre Askeladden til sin opprinnelige stand. Omsøkt tiltak gjeld både utskifting av hudplank, dekk, dekkshjelkar, bjelkevegar som her er dei største utgiftspostane.	MK Askeladden er ikkje oppført på Riksantikvaren si liste over verna fartøy, og fyller dermed ikkje kriteria for tilskot. Avslag.  Vi tilrår eigar å søke Riksantikvaren om oppføring på lista.
25	<b>MF Hardanger fjord</b>	MF Hardangerfjords venner	50 000	50 000	20 000	Omsøkt tiltak går ut på rydding og tildekking for å hindre forfallet av fartøyet. Av andre utgifter er kaileige, strøm mm nemnt.	For å hindre ytterlegare forfall tilrår vi tilskot til tildekking av fartøyet.

				<b>8 597 902</b>	<b>1 680 000</b>		
--	--	--	--	------------------	------------------	--	--